

MØTEBOK Styremøte 02 - 23

Tidspunkt: 04.07.23 kl 18:00

Stad: Rauland Kraftlag

Desse møtte:

Halvor Fehn, Marit Kåsa, Tor Aage Dale, Ane Killingtveit (leiar), Jarle Nordjordet

Meldt forfall:

Andre til stades på møtet:

Saker til møtet:

Sak 09/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 10/23: Referatsaker

Sak 11/23: Reinsdyrjakta 2023

Sak 12/23: Aktivitet for barn og unge

Sak 13/23: Endring landingsløyve Meinsvatn

Sak 14/23: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Jarle Nordjordet/s/

Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/

Tor Aage Dale /s/

Ane Killingtveit/s/

Sak 09/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent utan merknadar.

Sak 10/23: Referatsaker

Saksdokument:

2023.05.15-411.4.TUT-søknad om regulering av landingsløyve på Store Meinsvatn

2023.05.15-612.0.Klimaogmiljødep-innspeil til tiltak og verkemidlar for å betre tilstand for villrein

2023.07.06-411.4. - svar vedk endring landingsløyve meinsvatn TUT

Vedtak:

Godkjent utan merknadar

Sak 11/23: Reinsdyrjakta 2023

Framlegg til vedtak:

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og eigne, men maksimalt til 5 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort tilbyr ein tilleggskort til innanbygds til redusert pris. Prisen pr kort skal då vere 1000,-. Sekretær sender ut felles e-post til dei som har teke ut kort og tilbyr ekstra kort. Tildeling av desse etter trekningslista.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.
3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.
5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest som før.

6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylgje den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.

7. Det opprettast ein kategori kort på Inatur.no som heiter Fritt dyr/vaksen bukk. Dei som står fyrst på trekkingslista får tildelt fritt dyr så langt det er slike kort og resten vaksen bukk (ikkje gjeldande i 2023, kun bukkekort 2 ½ år og eldre).

8. blir det endringar i kortkategori får kvar jeger tildelt kort i fylgjande prioritert rekkefølge etter trekkingslista: Fritt dyr, Vaksen bukk, Simle/ungdyr m/kalv, Simle/ungdyr, kalv

9. Rauland Fjellstyre vidarefører gratis kort tilsvarende verdien av eit simle/ungdyrkort til fyrstegongsjegerar.

10. Jegerar med allmenningsrett på Rauland Statsallmenning kan ta med seg framandkort inn på allmenningen mot å betale 500,- pr jeger. Utanbygds som har fått kort på Rauland SA kan ta med seg framandkort mot å betale 1000,- pr kort. Det opnast ikkje for innslepp av andre jegerar på Rauland SA i 2023.

Referat:

Kom forslag om utdeling av reinsdyrkort på Tingvoll 4. august kl 18-20.
Annonse i VTB ei veke før.

Ynskje om å få til skriftleg avtale med Ulvik, nokon meinte me «mangla» 5 kort frå dei.

Vedtak:

Framlegget vart vedteke slik det ligg føre.

Tillegg: Ynskjeleg at sekretær får til skriftleg avtale om jaktordninga med Ulvik.

Sak 12/23: Aktivitet for barn og unge

Framlegg til vedtak:

Tatt til orientering.

Referat:

Styret ser det som eit positivt tiltak.

Vedtak:

Tatt til orientering.

Sak 13/23: Endring landingsløyve Meinsvatn

Framlegg til vedtak:

Referat:

Vedtak:

Rauland Fjellstyre ynskjer kun landing ved hytte/ naust på Store Meinsvatn. Dette blir påteikna landingsløyve av sekretær.

Sak 14/23: Eventuelt

Framlegg til vedtak:

Referat:

Ingen drøftingar eller vedtak.

Vedtak: